



Arkivnr: 2016/5056-2
Saksbehandlar: Merethe Helland Nordnæs

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Klagenemnda		31.05.2016

Klagesak.

Klage på avslag på søknad om oppgradering og utvida bruk av avkøyrslø - Fv. 409 - Håland - Gnr. 31 Bnr. 5 - Radøy kommune.

Samandrag

Saka gjeld klage på avslag om søknad på oppgradering og utvida bruk av avkøyrslø fra frå Fv. 409 til eigedomen Gnr. 31 Bnr. 5, Håland i Radøy kommune. Tiltakshavarane, Leif Karstein Håland og Randi Helland har påklaga vedtaket i skriv av 25.09. 2015. Søknaden gjeld avkøyrslø og utbetring av ein gamal gardsveg. Søknaden var grunngjeve med behovet for tilkomst med traktor og maskiner til utmark på eigedomen, for å mellom anna å transportera materiale og tømmer, og rydding etter storm.

Avkøyrslø ligg langs fv. 409, på nordsida av vegen. Avkøyrslø er av dårleg standard og tilfredstiller ikkje dei tekniske krava til avkøyrslø.

Statens vegvesen Region vest har vurdert klaga som underinstans og har funne å oppretthalde sitt avslag i saka.

Fylkesrådmannen har vurdert klaga og rår til at klagen frå Leif Karstein Håland og Randi Helland over Statens vegvesen Region vest sitt vedtak av 07.09.2015, om å avslå søknad om oppgradering og utvida bruk av avkøyrslø frå Fv. 409 til eigedomen Gnr. 31 Bnr. 5, Håland i Radøy kommune, ikkje vert teken til følgje.

Forslag til vedtak

Klage frå Leif Karstein Håland og Randi Helland over Statens vegvesen Region vest sitt vedtak av 07.09.2015 om å avslå søknad om utbetring og utvida bruk av avkøyrslø frå Fv. 409 til eigedomen Gnr. 31 Bnr. 5, Håland i Radøy kommune, vert ikkje teken til følgje.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg:

1. Tiltakshavar, søknad om oppgradering og utvida bruk av avkøyrslø frå Fv. 409, dok. dato. 12.08.2015.
2. Kart til søknad.
3. Statens vegvesen, avslag på søknad om avkøyrslø, dok.dato. 07.09.2015.
4. Statens vegvesen, prinsippsskisse avkøyrslø, dok. dato 07.09.2015.
5. Tiltakshavarane, klage på avslag, dok. dato 25.09.2015.
6. Statens vegvesen, oversendingsskriv-opprettheld avslag. Dok. dato 14.12.15.
7. Hordaland fylkeskommune, kart.
8. Hordaland fylkeskommune, 2 stk. flyfoto.

Fylkesrådmannen, 20.05.2016

Bakgrunn for saka:

Statens vegvesen Region vest (vegvesenet) har den 12.08.2015 motteke søknad om avkøyrsla og oppgradering av ein gamal gardsveg, som fører til utmarka deira. Søknaden var gunngjeve med behov for tilkomst med traktor og maskiner til utmark på egedomen, for å mellom anna transportera materiale og tømmer, rydda etter storm, vedlikehald og rydding i skog og utmark. I søknaden var det opplyst at BKK skulle gjera utbetringar ved avkøyrsla, dette i samband med at linjenettet i området (22 Kv kabel gjennom Hålandsdalen) skal utbetrast. (Vedlegg 1)

Avkøyrsla ligg langs Fv. 409, på nordsida av vegen. Avkøyrsla er av dårleg standard og er ikkje tilfredsstilland med omsyn til dagns krav til geometrisk utforming eller lengdeprofil. Fylkesvegen er smal på dette strekket, og er om lag 3,7 m., målt på kart. Det er ikkje eige felt for gåande og syklande. Ein kan sjå at vegen opp frå avkøyrsla går bratt opp frå fylkesvegen. Motsett side av vegen går bratt ned til ei grøft/bekk. Fartsgrensa på staden er 80 km/t og årsdøgertrafikk (ÅDT) er berekna til 1300.

Fv. 409, Radøyvegen, er i "Rammeplan for avkøyrslar og byggegrensar på riks- og fylkesveggar i region vest" vist som haldningsklasse 3 (blå). Her går det fram at: "Talet på direkte avkøyrslar til vegane må vere avgrensa. Dette gjeld og for driftsavkøyrslar." I Rammeplan pkt. 12 er det angitt prinsipp som skal leggst til grunn ved handsaming av søknader av avkøyrslar. "Avkøyrslar bør gjerast godt synlege frå hovudveg, spesielt for å unngå situasjonar med kraftig nedbremsing og fare for påkøyring bakfrå."

Planstatus: Området er vist som LNF-område (Landbruk, natur og friluftområde) jfr. Kommuneplanens arealdel for Radøy.

Vegvesenet har den 07.09.2015 fatta vedtak om avslag på søknaden. (Vedlegg 3.) Vegvesenet har vurdert søknaden med bakgrunn i 0-visjonen, tekniske krav, kommunen sin arealplan og *Rammeplan for avkøyrslar og byggegrensar på riks- og fylkesveggar i Region vest*. Statens vegvesen grunngjev avslagt sitt med at ein ikkje kan oppnå ei tilfredsstillande og trafikksikker løysing utifrå tilhøva på staden. Dei kunne ikkje sjå at det var mogeleg å oppnå tilfredsstillande sikt i avkøyrsla med bakgrunn i topografien i området, og heller ikkje tilfredsstillande kurvatur og helling. Dei viser til at krav til siktlinjer og geometrisk utforming av avkøyrsla er vurdert ut frå haldningsklasse, fartsgrense og ÅDT på staden. Vegvesenet viser til at ved periodevis behov for utvida bruk av avkøyrsla slik det er skissert i søknaden, tilrår vegvesenet å nytte "Arbeidsvarsling". Det vil seie at ein utarbeidar ein skiltplan for midlertidig avgrensning av til dømes fart i området. Dei viser til at ved spørsmål om arbeidsvarsling kan ein henvende seg til Nordhordland trafikkstasjon, Isdalstø. Vegvesenet har vore på synfaring på egedomen den 28.08.2015.

Leif Karstein Håland og Randi Helland (tiltakshavarane) sette fram klage på vedtaket i skriv av 25.09.2015. (Vedlegg 4) Vedlagt klagen var og BKK sitt forslag til oppgraderingar i avkøyrsla. Her er det lagt fram to teikningar av planlagt kabelgrøft og ein ny forstøtningsmur. I klagen gjekk det mellom anna fram at søkjarane meinte at vedtaket ikkje tok nok hensyn til at BKK skal utbedre avkøyrsla i samband med at det skal leggst ein kabel i ein grøft og at landsbruksvegen og avkøyrsla også skal nyttast som tilkomst til ein fritidseigedom. (Vedlegg 5)

Rettsleg grunnlag:

Det går fram av veglova § 1 a at:

«Formålet med lova er å tryggje planlegging, vedlikehald og drift av offentlege og private vegar, slik at trafikken på dei kan gå på eit vis som trafikantane og samfunnet til ei kvar tid kan vere tente med. Det er ei overordna målsetting for vegstyresmaktene å skape størst mogeleg trygg og god avvikling av trafikken og ta omsyn til grannane, eit godt miljø og andre samfunnsinteresser elles.»

Det går fram av veglova § 40:

«Avkjørsle frå offentleg veg må berre byggast eller nyttast etter reguleringsplan eller arealdel av kommuneplan etter plan- og bygningsloven.

Ligg det ikkje føre nokon reguleringsplan som nemnd, eller planen ikkje omfattar avkjørsle må avkjørsle frå riksveg eller fylkesveg ikkje byggast eller nyttast utan løyve frå regionvegkontoret og avkjørsle frå kommunal veg ikkje byggast eller nyttast utan løyve frå kommunen.

Regionvegkontoret kan krevje at avkjørsle frå riksveg eller fylkesveg skal byggast etter ein plan det godkjenner. Kommunen kan krevje at avkjørsle frå kommunal veg skal byggast etter ein plan det godkjenner.

Er arbeidet med avkjørsle ikkje sett i gang innan 3 år etter at løyve er gitt, fell løyvet bort.»

Veglova § 43 1. ledd 1. pkt. lyder:

«Avkjørsle skal byggast og haldast ved like i samsvar med reglar som Vegdirektoratet fastsetter.»

Rammeplan for avkjørsler og byggegrenser på riks- og fylkesvegar er eit ikkje juridisk bindande dokument, men skal gje føringar for kva haldning som skal leggst til grunn ved handsaming av avkjørsle- og byggegrensesaker. Eit viktig prinsipp er at teknisk utforming av avkjørsler skal vera i samsvar med vegvesenets handbøker N100 og V121. rammeplanen vart vedteke av Hordaland fylkeskommune i 2013.

Forvaltningslova § 28 1. ledd lyder:

«Enkeltvedtak kan påklagast av en part eller annen med rettslig klageinteresse i saken til det forvaltningsorgan (klageinstansen) som er nærmest overordnet det forvaltningsorgan som har truffet vedtaket (underinstansen).»

Klagen:

Tiltakshaverane, Leif Karstein Håland og Randi Helland, har sett frem klage på vedtak av 07.09.2015. Klagen er motteke innan klagefristen, Jfr, forvaltningslova § 29. Klagen lyder slik:

«Viser til deres brev datert 7. september d.å. med avslag på søknad om avkjørsel og opprustning av gammel gårdsveg. Vi vil med dette klage på avslaget.

Basert på deres tilbakemelding legger vi til grunn at avslag på søknad skyldes at:

« ... ein ikkje kan oppnå ei tilfredsstillande og trafikksikker løysing utifra tilhøva på staden. Krav til siktlinje og geometrisk utforming av avkjørsle er vurdert ut fra haldningsklasse, fartsgrense og ÅDT på staden.»

Bakgrunnen for klagen er blant annet at vi mener det ikke er tatt hensyn til at BKK skal utbedre utkjørselen i forbindelse med at det skal legges en ny kabel i grøft. Se vedlagte tegninger datert 25.06.2015 ark 2 og 3.

Det er heller ikke vektlagt at kratt og trær blir ryddet, og vegen vil bli bredere, som følge av at kabel skal legges i mellom utkjørsel og frem til parkeringsplassen.

Dette vil samlet sett utbedre trafikksikkerheten ved utkjørselen.

Det kan for øvrig og reises spørsmål ved hvorvidt fartsgrensen på 80 km/t er for høy på denne korte «etappen» av Fv. 409.

Andre momenter det etter vår mening ikke er tatt hensyn til er:

- Parkeringsplass utenfor Fv. 409 ca 10-15 meter fra utkjørsel, vil få vesentleg mindre bruk til biloppstilling. Det er denne fritidsboligene har rett til å bruke ihht. Tinglyst skjøte, og har blitt brukt siden fritidsboligene ble bygget, fra 60-70-tallet og frem til idag. Med 80 km hastighet på veien er denne møteplassen viktig.
- Eksisterende utkjørsel har også vært brukt siden 60-70-tallet.
- fritidsboligene har også på tinglyst skjøte følgende rett til vei opp.
- «Samleis har kjøper rett til transport av evt. materialer gjennom gjerdestykket til seljar (gammal gardsveg) fellesveg med seljar.
- Det vil ikke bli økt belastning på fylkesvegen som følge av oppgraderingen.
- At fritidsboligene kun benyttes i begrenset omfang. Ferier og helger sommerhalvåret.
- At dette er den gardsvegen som grunneier alltid har brukt.

Forslaget med å la veien gå over allerede eksisterende utkjørsel lenger sør, er ikke lett å få til, fordi den vil måtte gå over annen grunneiers eiendom.

Til sist vil vi opplyse om at vi er interessert i å få løst dette på en god måte som er best for alle parter og vi håper at våre argumenter vil bli behandlet på en god måte.

Videre vil vi også be om råd i fra Statens vegvesen på hva som skal til for å få dette med utkjørsel løst.»

Statens vegvesen si vurdering:

Statens vegvesen Region vest legg i denne saka avgjerande vekt på at ein ikkje kan oppnå ei tilfredstillande og trafikksikker løysing i denne saka, sjølv om den vert utbetra. Avkøyrsla vil ikkje kunne stetta krava i vegnormalen til mellom anna sikt og geometrisk utforming. Vegvesenet viser til at dette er essensielt for å ivareta tryggleiken på vegnettet.

Vegvesenet har vurdert søknaden og klagen med bakgrunn i veglova §§ 40 og 43, Rammpplan for avkøyrslar og byggegrensar på riks- og fylkesvegar, Handbok N100 veg- og gateutforming og Handbok V121 Geometrisk utforming av veg- og gatekryss.

Dei viser og til at det at avkøyrsla og gardsvegen og skal nyttast som tilkomst til ei fritidsbustad er nye opplysningar i saka, og er noko som Radøy kommune må ta stilling til.

Vegvesenet viser deretter til at dei saman med avslaget la ved ei prinsippskisse som syner deira krav til sikt og geometrisk utforming av avkøyrsla. Basert på fartsgrensa som er 80 km/t og trafikkmengde ÅDT på 1300 er det satt minimumskrav om siktlinjer på 100 x 4 meter. Det vil seie at ein skal sjå 100 meter til begge sider av køyrebana når ein står 4 meter inn i avkøyrsla 1 meter over bakken.

Dei viser og til at føremålet med svingradius er mellom anna å oppnå fartsreduksjon i avkøyrsla og oppnå eit ønske køyremønster ut på vegen. Denne avkøyrsla går på skrå og nærmast parallellt med fylkesvegen. Det optimale er at avkøyrsla skal ligge i 90 graders vinkel på vebana. Det vil i praksis seie at denne avkøyrsla ikkje har svingradius. I prinsippskissa har dei sett krav om svingradius på 4 meter. Desse krava gjeld personbil. Dersom det skulle vere aktuelt med traktor og tømmertransport her vil krava til mellom anna svingradius verte skjerpa til 9 eller 12 meter.

Statens vegvesen har vurdert klagen som underinstans og finn ikkje å kunne ta klagen til følgje.

Fylkesrådmannen si vurdering:

Fylkesveg 409, Radøyvegen har ein fartsgrense på den aktuelle staden på 80 km/t og trafikkmengda er berekna til ein ÅDT på 1300. Fylkesvegen er smal på dette strekket, målt av vegvesenet til 3, 7 meter. Det er ikkje eige felt for gåande og syklande. Vegen opp frå avkøyrsla går bratt opp frå fylkesvegen.

Tiltakshavarane hevdar i klagen at det i vedtaket ikkje er teken omsyn til at BKK skal utbetre avkøyrsla i samband med at det skal leggjast ein kabel i ei grøft. Dei meiner at det heller ikkje har vorte vektlagt at kratt og trær vil bli rydda, vegen vil bli breiare og at dette samla sett vil betre trafikktryggleiken i avkøyrsla. Fylkesrådmannen vil her vise til omsynet til trafikktryggleiken. Det er viktig å kunne etablere få, men gode avkøyrslar og kryss langs fylkesvegnettet, som kan ivareta ein effektiv ferdsel og trafikktryggleik for framtida. Ein vil her vise til vegvesenet sine vurderingar av avkøyrsla. Slik dei vurderer det, vil det i denne saka ikkje vera mogeleg å oppnå ei tilfredsstillande og trafikksikker løysing i denne avkøyrsla. Dette med tanke på sikt i avkøyrsla. Det var her sett minimumskrav til at ein skulle kunne sjå 100 meter til begge sider av køyrebana, når ein sto 4 meter inne i avkøyrsla. Dette var ikkje mogeleg her, noko som kan skape ein uoversiktleg trafikksituasjon med fare at det kan oppstå trafikkulukker. Det er eit tungt moment som taler mot å godkjenne oppgradering og utvida bruk av avkøyrsla.

Det vert og hevda i klagen at parkeringsplassen utanfor Fv. 409, langs veg, vil verta mindre nytta og trafikktryggleiken i området samla sett betre, dersom eigarane av fritidsbustaden kan nytte omsøkte avkøyrslar som tilkomst til fritidsbustaden. Ved å studere kart og bilder i saka, kan ein sjå at vegbana på denne staden er utvida. Ein kan ikkje sjå at bruk av parkeringsplass utanfor Fv. 409, er til hinder for trafikken. Vi finn her at denne løysinga vil vera mindre trafikkfarleg enn å tillate utvida bruk av avkøyrsla.

Det vert i klagen og vist til at eksisterande avkøyrslar har vore brukt sidan 60-70 talet og at dette er den gardsvegen som grunneigar alltid har brukt til å komme til denne del av eigedomen. Administrasjonen vil her nemne at ved synfaring av vegvesenet den 28.08.15 fann dei ikkje spor av gamal gardsveg i terrenget, noko som kan tyde på at det er lenge sidan gardsvegen har vore i bruk. Her kan ein kort slå fast at ved søknader om utvida bruk av avkøyrslar må ein følgje dagens (tekniske) krav til avkøyrslar. Dette for å ivareta dagens krav til trafikktryggleik. Fylkesrådmannen vil her vise til formålsregelen i veglova § 1 A. (Sjå ovanfor.)

Fylkesrådmannen vil og vise til rammeplan for avkøyrslar og byggegrenser på riks- og fylkesvegari region vest. Fv. 409 er i haldningsklasse 3. Her går det fram at: «*Talet på direkte avkøyrslar til vegane må vera avgrensa. Dette gjeld og for driftsavkøyrslar*». I Rammeplanens pkt. 12 er det angitt prinsipp som skal leggjast til grunn ved handsaming av søknader av avkøyrslar. «*Avkøyrslar bør gjerast godt synlege frå hovudveg, spesielt for å unngå situasjonar med kraftig nedbremsing og fare for påkøyring bakfrå*.» Dette talar mot å godkjenne utvida bruk og oppgradering av avkøyrsla.

Fylkesrådmannen meiner at det med omsyn til trafikktryggleiken i denne saka, ikkje er grunnlag for å akseptere oppgradering og utvida bruk av avkøyrsla. Fartsgrensa på staden er 80 km/t og ÅDT er berekna til 1300. Heller ikkje med tanke på den geometriske utforminga til avkøyrsla var det mogeleg å oppnå ein tilfredsstillande og trafikksikker løysing i denne avkøyrsla. Slik avkøyrsla var utforma i terrenget, på skrå og nærmast parallellt med fylkesvegen, hadde den i prinsippet ikkje svingradius. Dette med tanke på topografien i området, kurvatur og helling. Krava til svingradius var stilt som personbil. Ved bruk av avkøyrsla med traktor og tømmertransport, ville krava vere ytterlegare skjerpa. Dette vert vurdert slik, at her er det potensiale for uheldige trafikale situasjonar med kryssingsulykker, til stades.

Fylkesrådmannen finn på denne bakgrunn å rå til at klage frå Leif Karstein Håland og Randi Helland over Statens vegvesen Region vest sitt vedtak om å avslå søknad om oppgradering og utvida bruk av avkøyrslar frå Fv. 409, til eigedomen Håland Gnr. 31 Bnr. 5 i Radøy kommune ikkje vert teken til følge.